

# **Møte i FAU ved Meland ungdomsskule**

**Dato: 25. mars 2019 kl 19-20.30.**

Til stades:

Hilde Brendehaug Hugaas (rektor)

Lilli-Ann Hagen (8A)

Aslaug Aalen (9B)

Nina Cecilie Spurkeland (10A)

Meibel Våge (10B)

Ikkje til stades:

Erik Steffensen (8B)

Mona Grasdal Lampa (9A)

Sakliste:

35. Godkjenning av referat og sakliste

36. Ny ungdomsskule – utkast til brev til ordførarane. Drøfting av dette og ev andre tiltak.

37. Besøk av ungdomskoordinator Susanne Vaktskjold

38. Gjennomgang av elevundersøking v/rektor

39. Møteplan våren 2019, forslag til dato for neste møte 27. mai

40. Eventuelt

## Referat frå FAU-møtet

#	Sak	Status/Argumenter	Aksjon
35.	Godkjenning av referat og saksliste	Godkjent. Vara for 9A er Tone Gunn Solsvik.	
36.	Ny ungdomsskule – utkast til brev til ordførarane. Drøfting av dette og ev andre tiltak.	Utkast til brev utarbeidd av Aslaug. Brevet skal sendast til alle dei tre ordførarane i nye Alver kommune. Innspel til brevet motteke både frå elevrådet og rektor. På SU-møtet som vart avhalde før FAU-møtet, var det semje om at brevet skal sendast frå SU, dvs. ikkje berre frå FAU og elevrådet.	<b>Aslaug</b> utarbeider endeleg utkast og får dette godkjent av FAU, elevråd og rektor. Viktig med omtale i media, så <b>Aslaug</b> tek kontakt med Strilen. <b>Aslaug</b> prøver også å få det opp som orienteringssak på neste kommunestyremøte i Meland kommune (15. mai).
37.	Besøk av ungdomskoordinator Susanne Vaktskjold	Susanne fortalte om aktivitetane til UNG Meland, som bl.a. driv ungdomsklubben og har tilbod om aktivitetar i feriar etc. Susanne jobbar også med MOT og er medlem av Ungdomsrådet. Klubben held til over Max Fitness og er for elevar på ungdomsskulen og vidaregåande skule. Dei fleste brukarane går på ungdomsskulen. Planer om ein kveld per månad for 10. klasse og eldre. Klubben starta for ca eitt år sidan og har blitt svært populær med besøk av ca 50-70 ungdommar kvar kveld, inkludert ungdommar både frå Knarvik og Åsane. Open onsdag 18-21 og fredag 18-22.30. Klubben har eit styre på 10 ungdommar. Klubben har vakse ut av lokalet, men skal flytte inn i	<b>Sak på neste FAU-møte:</b> Diskutere korleis FAU/foreldre kan bidra til eit godt ungdomsmiljø på Frekhaug. Aktuelt med ei «mediesak» før sommaren?  <b>Rektor</b> vil legge til rette for at foreldre kan melde seg som nattevandrarar på kveldsskulen torsdag 28. mars.  <b>Rektor</b> vil invitere Susanne på foreldremøter til hausten.

#	Sak	Status/Argumenter	Aksjon
		<p>«Meieriet» hausten 2019. Har vore ein del utfordringar i det siste med både hærverk (i same bygg, men utanfor sjølve klubblokalet) og nasking frå butikkar. Tiltak har vore sett i verk, men har ikkje fått slutt på problema. Klubben vil difor berre halde ope kvar onsdag fram til dei flyttar inn i «Meieriet». Stort behov for foreldrevakter, også når dei flyttar til nye lokale. Susanne ynskjer å kome på foreldremøter for å orientere om situasjonen.</p> <p>Innspel frå FAU:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Vurdere om vakter bør organiserast gjennom nattevandrarane (Frivilligsentralen) då erfaringar frå bl.a. skulearrangement viser at det er vanskeleg å få nok vakter dersom ein berre skal bruke foreldre til born som brukar klubben.</li> <li>✓ Ta kontakt med MC-ravnane.</li> <li>✓ Vurdere å ta kontakt med media for å få fokus frå foreldre på den negative utviklinga i ungdomsmiljøet på Frekhaug.</li> </ul>	
38.	Gjennomgang av elevundersøking v/rektor	Grundig gjennomgang på SU-møtet før FAU-møtet. Eit av funna er	

#	Sak	Status/Argumenter	Aksjon
		høge mobbetal for 10.klasse. Dette blir tatt på høgste alvor av skulen. FAU meiner at det må informerast godt til både foreldre og lærarar korleis ein skal melde frå dersom ein opplever mobbing frå vaksne.	
39.	Møteplan våren 2019, forslag til dato for neste møte 27. mai		Neste møte blir mandag 27. mai kl 19-20.30. NB! Møtet som var sett opp mandag 6. mai utgår.
40.	Eventuelt	Ingen saker	